K O N F I R M A N T I B Ø

– n o k o å v e k s e p å -

Informasjon til konfirmantar og føresette

Konfirmasjon 2027
I Bø sokn er det konfirmasjon på hausten 2027, nærare bestemt **laurdag 4. september - kl. 10.30 og kl. 13.00; søndag 5. september kl.11.00**

Påmelding:
Du kan melde deg inn som konfirmant på **bokyrkje.no** frå i dag og framover og innan 1. november!

Innhald
Konfirmantåret i Bø kyrkjelyd inneheld mellom anna samlingar i Bø kyrkje med undervisning og samtale etter skuletid. Det blir innsamlingsaksjon til Kirkens nødhjelp, gudstenester, pilegrimsvandring og konfirmantleir. Du er med på 8 gudstenester der du deltek som medhjelpar på ein gudsteneste.

Konfirmant i kyrkja
Å vere konfirmant i Den norske kyrkja handlar om å vekse og modnast som menneske, i tru og liv. Gjennom konfirmasjonsåret vil du lære om den kristne trua, og du får moglegheit til å tenkje over kva du trur på og kva for førebilete du ønskjer å leve etter. I kyrkja er det rom for heile deg; di tru og din tvil, tankar, erfaringar og spørsmål.

Ministrant
Ministrant betyr «person som har som oppgåve å hjelpe presten ved messa». Oppmøte 10.15, ferdig ca. 12.30. Ta med en kanne med kaffi og familien! Gudstenesta startar klokken 11.00.

Viktige datoar:

Månad	Datoar
Oktober	Infomøte/innskriving: 19. oktober kl. 18.00 Frivillig Kickoff i Husdyrhallen på Dyrskuplassen i Seljord: 24. oktober kl. 18.00 – 21.30
November	
Desember	Undervisning: 1./3. desember, kl. 14.15 – 15.45 Presentasjonsgudsteneste, 6. desember kl. 11.00 i Bø kyrkje.
Januar	Undervisning 5./7. januar, kl. 14.14-15.45 Undervisning 19./21. januar, kl. 14.15 – 15.45
Februar	Undervisning 2./4. februar, kl. 14.15 – 15.45 Foreldremøte 15. februar, kl. 19.00 Undervisning 16./18. februar, kl. 14.15-15.45
Mars	Undervisning 2./4. mars, kl. 14.15-15.45 Konf. treff i Bø, laurdag 6. mars Undervisning 16. mars, Fasteaksjon for alle. Undervisning 30. mars/1. april, kl. 14.15 – 15.45
April	Undervisning 30. mars/1. april, kl. 14.15 –15.45 Leir, 9.-11. april, Fjelltun leirsted. 1500,-/3500,- Undervisning 13./15. april, kl. 14.15 –15.45 Undervisning 27./29. april, kl. 14.15 –15.45
Mai	Foreldremøte 10. mai, kl. 19.00 på Bø bedehus Undervisning 11./13. mai, kl. 14.15-15.45 Undervisning 25./27. mai 14.15-15.45
Juni	Undervisning 8./10. juni, kl. 14.15-15.45 Leir, 24. juni-27. juni, Gjennestad VGS. 3100,-/5500,-
	SOMMERFERIE
August	Undervisning 17./19. august, kl. 14.15-15.45 Undervisning 24./26. august, kl. 14.15-15.45 Fotografering, samtalegudsteneste og konfirmantfest, 29. august kl. 09.30-15.00. Undervisning 31. august, kl. 14.15-15.45. Denne dagen er det førebuingar til konfirmasjonsgudstenesten, oppmøtetidspunkt avhenger av konfirmasjonsdato og klokkeslett. Laurdag 10.30 – 14.15-14.45 Laurdag 13.00 – 14.45-15.15 Søndag 11.00 – 15.15-15.45
September	Konfirmasjonsgudsteneste 4. september 10.30 og 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste 5. september 11.00

Konf. Kick-off er frivillig og open for alle er født i 2012 i heile Øvre Telemark.
Påmelding til Kickoff finn du på «Ønsket&Elsket» si nettside: onsketogelsket.no. Her må foreldre køyra og hente konfirmantane.
Bøsseinnsamling til Kirkens Nødhjelp, tysdag 16. mars frå kl. 17.30. Her treng vi hjelp av foreldre/føresette til køyring. Gratis for medlemmar, 200,- for ikkje-medlemmar.

Leir eller pilegrimsvandring

Høgdepunktet! Ønsket&Elsket arrangerer konfirmasjonsleirar saman med kyrkjelydane i Øvre Telemark prosti. Ønsket&Elsket driv eit viktig ungdomsarbeid med leiarkurs og leiarutvikling for ungdommane også etter konfirmasjonstida. Det er eigen påmelding til leiran(e) på nettsida til: Ønsket&Elsket, onsketogelsket.no. Pris for Leir:Tro: 1500,-/3500,-.
Pris for Leir:Basic: 3100,-/5500,-.
Ikkje alle har anledning til å reise på leir og vi tilbyr eit eige opplegg for desse. Da deltek du som pilegrimskonfirmant nokre laurdagar i april, mai og juni, frå kl.12-16.00. Som pilegrim besøker du kyrkja i Seljord, Brunkeberg, Kviteseid og Bø. Å vere pilegrim betyr at du skal gå eit stykke og lære meir om kristen tru. Foreldra dekker transport. Gratis for medlemmar, **1000,-** for dei som ikkje ynskjer medlemskap. Leir eller pilegrimsvandring er en del av det obligatoriske opplegget.

Ønsket & Elsket-medlemskap

Ved å bli medlem i Ønsket og Elsket får du rabatt på prisen for konfirmantleir eller pilegrimskonfirmant. Du betaler berre medlemskontingent som er kr 50,- pr semester, totalt 100 kr.

Forventningar

Vi trur at du som konfirmant vil få oppleve eit spennande år med mykje moro, godt fellesskap og nyttig læring for livet og trua.
Samstundes forventar vi at når du har meldt deg på konfirmasjon, er du med på heile opplegget og ikkje vel bort noko fordi du ikkje har lyst eller du meiner du ikkje har tid. Vi ber om at foreldre/føresette alltid melder frå til presten når og kvifor ein konfirmant uteblir frå samlingar.

Helse

Alle konfirmantar har krav på konfirmantundervisning, uansett helse. Nokre ungdommar slit i dag med sosial tilpassing, fysiske og psykiske utfordringar. Det er viktig at vi som prestar får vite om det på førehand og hjelper konfirmantane så dei kan kjenne seg trygge og ivaretatt. Vi har gode erfaringar med at konfirmantar kan ha med ein vaksen/assistent til konfirmantførebuingane. Dette kan gje støtte og tryggleik for konfirmanten. Be gjerne om ei samtale på førehand. Prestane har teieplikt.

Dåp

Ein må vere døypt for å bli konfirmert. Er du ikkje døypt, så er du velkommen til å bli døypt i god tid før konfirmasjonsgudstenesten. Vi lagar ei fin ramme rundt dåpen saman med familien og dei som du har valt som fadrar. Konfirmantar som er døypte og tilhøyrar andre trussamfunn er velkomne til å delta i konfirmantundervisninga.

Kostnader

Eigenandel for kvar konfirmant er **700 kroner.** I tillegg kjem konfirmasjonsleirane som kostar **1500,-/3100,-** for Ønsket&Elsket-medlemmar og **3500,-/5500,-** for ikkje-medlemmar. Full kost og losji. Medlemskap i Ønsket&Elsket koster **100,-**. **Pilegrimkostar 0,-/1000,-.** Alle foreldre/føresette kan søke om økonomisk støtte for heile leiren, men ikkje for eigenandelen på 700 kronar. Ta i så fall kontakt med prest eller kyrkjekontor.

Ansvarleg

Hovudansvarleg for konfirmantarbeidet er Kapellan Per Inge Bergem Håland. Tlf. 917 89 097. E-post: ph234@kyrkja.no
Sokneprest Axel Jørgen Bugge vil vere med i konfirmantarbeidet.
Tlf. 454 77 020. E-post: ab242@kyrkja.no

Velkommen som konfirmant 2027, vi gler oss til å bli kjent med deg!